



Lesja  
kommune

# Kommunedelplan

## naturmangfold i

# Lesja kommune



Foto: Benedikte Skarvik. Område: Botheim.

**Gjeldande frå vedtaksdato XX.XX.XXXX**

**Besøksadresse:**  
Jakup B. Klukstadsveg 32,  
2665 Lesja

**Org.nr:**964949204  
**Telefon:** 61 24 41 00

**Nettside:** [lesja.kommune.no](http://lesja.kommune.no)

LEV ANDE  
Lesja

## Forord

### Generelt om naturen i Lesja kommune

Lesja kommune er ein stor kommune med eit lågt innbyggartal. Det er utbyggingsaktivitet vest i kommunen for fritidsutbygging samt planar om utviding av ski og hytteområdet. Hovuddalen er sterkt prega av landbruk, som har eit stadig aukande behov for dyrka mark. Dette i sum legger eit press på kommunens naturområder, og kommunen har derfor sett behov for å utarbeide ein plan for korleis vi best kan ivareta naturmangfaldet samtidig som vi ynskjer nye bebuarar og næringsliv velkommen. Ved god kjennskap til naturmangfaldet og kva naturressursar vi har er det mogeleg å ivareta naturmangfaldet medan vi har utvikling av samfunnet.

Arealendringar er den største trusselen og påverknadsfaktoren for naturmangfaldet i Norge. Ei heilskapleg planlegging er derfor svært viktig. Verknadane for naturmangfaldet må sjåast i samheng av summen av fleire tiltak over eit større område for den totale belastninga. Lesja kommune ynskjer å bidra til å redusere tapet av naturmangfald ved å auke kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet for å vidare kunne utøve arealforvaltning på ein god og berekraftig måte.

Trua arter og sjeldne naturtypar får ofte rollen som svært kostbare syndebukkar når store prosjekt vert satt på vent eller må reprojekterast. Årsaka til dei store meirkostnadane er ofte at prosessane i forkant for avklaring av naturen ikkje har vert tilstrekkeleg for å tilpasse prosjektet tideleg i prosessen. Det er billigare, minder konflikt fylt og raskare om dei nødvendige utredningane og omsyn er på plass så tidleg som mogleg i eit prosjekt. Å ha eit godt kunnskapsgrunnlag vil bidra til å gjere det lettare å redusere tapet av naturmangfald, redusere konflikstar, auke føreseieleg-heita for utbyggjarar samt kunne gi raskare og betre arealplan- og byggeprosessar.

Regjeringa meldte i St. meld. 14 (2015-2016) Natur for livet, at dei ville iverksette pilotprosjekt for å prøve ut kommunedelplanar som verktøy for å ta vare på naturmangfaldet. Denne kommunedelplanen er eit resultat av prosjektet og viser vilja som finnast for å ta vare på vår unike natur i kommunen.

## Kommunedelplan for naturmangfold – Lesja kommune

Forord.....	2
Generelt om naturen i Lesja kommune .....	2
Bakgrunn for kommunedelplan for naturmangfold.....	4
1 Innleiing .....	4
1.1 Generelt om naturmangfold.....	4
1.2 Bakgrunn for planarbeidet.....	7
2 Planen og planprosessen.....	8
2.1 Formålet.....	8
2.2 Prosess.....	8
2.3 Rammer for planen.....	8
2.3 Organisering .....	9
2.4 Medverknad.....	9
3 Naturforvaltning .....	9
3.1 Overordna føringar for naturforvaltning.....	9
4 Naturverdiar i Lesja kommune.....	10
5 Naturmangfold.....	10
5.1 Landskap .....	10
5.2 Artsmangfold .....	11
5.3 Kulturlandskap og naturmangfold i jordbruket .....	12
5.4 Elver, bekker og våtmark .....	14
5.5 Skog.....	15
5.6 Framande artar.....	15
5.7 Informasjon og kunnskapsformidling.....	16
Handlingsplan for Lesja kommune .....	18
<b>Strategi 1 – Omsyn til naturmangfold i kommunenes arealplanlegging og saksbehandlig..</b>	<b>18</b>
<b>Strategi 2 – Hensyn til naturmangfold i drift og skjøtsel.....</b>	<b>19</b>
<b>Strategi 3: - Informasjon og kunnskap for bedre ivaretagelse av naturmangfold .....</b>	<b>20</b>

## Bakgrunn for kommunedelplan for naturmangfald

### 1 Innleiing

#### 1.1 Generelt om naturmangfald

Naturmangfald er alle dei ulike variasjonane av liv som finnast i naturen, forskjellen innanfor ein art, mellom alle artane og mellom økosystema.

Menneske er avhengig av eit berekraftig naturmangfald med eit berekraftig artsmangfald for å kunne overleve på jorda. Våre grunnleggjande behov som luft, vatn og mat er resultat av naturmangfaldet i jordas biosfære (Jorda med atmosfæren som inneheld levande organismar, det globale økosystem).

Naturen er eit dynamisk samspel mellom artar, der dei fleste artar påverkar andre artar i ulike næringskjeder og komplekse kretsløp. Samspelet mellom artane går føre seg i alle økosystem, om ein art forsvinner kan det gi negativ konsekvens for fleire artar og påverke balansen i økosystem og komplekse kretsløp.

Naturen er livsgrunnlaget vårt (også hovudnæringa i Lesja) og har ein eigenverdi. Naturmangfaldet gir oss tilgang på alt frå mat og medisin til byggematerial og opplevingar. Naturen utførar ein rekke tenester som kallast økosystemtenester (gratistenester) som td: pollinering og frøspreiing, vasshandtering, motverkar erosjon, lokal klimaregulering, CO<sub>2</sub>-opptak og lagring, reinsing av luft, jord og vatn, støyreduksjon, rekreasjon (mental og fysisk helse, turisme) og beskyttelse mot ekstremvær.



Foto: John Lambela - Statskog Fjelltjenesten / Flickr / CC.

Ved å bevare intakt og rikt biologisk mangfald vert økosystem tenestene meir stabile over tid, og kapasiteten til å lever økosystemtenester aukar med eit høgare artsmangfald. Ved rikt artsmangfald er naturen meir robust som gjer den betre til å handtere endringar, og raskare kome seg igjen etter forstyrringar. Det gjer at naturen kan beskytte oss mot ekstremvær som flaum og tørke, ekstremvær vil førekome oftare som følgje av klimaendringane.

Tap av naturmangfald er utpeikt som eit av vår tids støraste globale miljøproblem. Velfungerande økosystem er heilt avgjerande for livet på jorda og dei har dei ingen pris i kroner, det gjer at dei lett bli oversett når vi tar slutningar som påverkar naturmangfaldet. FNs naturpanelet gidde ut ein hovudrapport

i 2019 der dei slår fast at det er fem hovudgrunnar til at naturmangfaldet er trua. Alle hovudgrunnane er menneskeskapte: Endra arealbruk, direkte utnytting av artar, klimaendringar, forureining og spreining av framandartar.

Store delar av Lesja kommune er verna, ca 77%, for å bevare leveområdet og livsgrunnlaget til sårbare fjellartar som fjellrev og villrein.

Fjellreven er tilpassa livet i eit barskt og kaldt miljø med varierende næringstilgang. Vinterpelsen er blant dyrerikets varmaste og finaste, noko som gjorde at arten nesten vart utrydda før den vart freda i 1930. Det vert framleis i dag utført fleire forvaltningstiltak for å bevare fjellreven, lokalt i Lesja er støttefôring, jakt på raudrev, registrering av yngling og innsamling av DNA.


Villrein er i familien hjortedyr, men skil seg ut slik som fjellreven ved at den er spesielt hardfør og tilpasse eit liv høgt til fjells og lange vintrar. Den er eit flokkdyr som beveger seg over store avstandar basert på sesongar og næringstilgang. I 2021 vart villreinen raudlista med bakgrunn i ny kunnskap frå kvalitetsnormen som viste at status i dei fleste villreinområde er dårleg og har negativ utvikling. I Lesja kommune er det to leveområde for villrein:

- Sør: Reinheimen-Breheimen villreinområde
  - Klassifisert til middels kvalitet, gult lys i kvalitetsnormen.
- Nord: Snøhetta villreinområde
  - Klassifisert til dårleg kvalitet, raudt lys i kvalitetsnormen.

Det arbeidast i 2023 med tiltaksplan for alle villreinområde som er klassifisert til dårleg kvalitet. Lesja kommune er med i prosjektgruppe som arbeider med kva som kan gjerast for å betre forholda i Snøhetta villreinområde.



Foto: Ole Thøring Art: Villrein



Figur 1: Oversiktsbilete over naturmangfoldet

Figuren viser kva naturmangfold betyr. Det omfattar genetisk mangfold, artsmangfold, naturtypemangfold, landskapsmangfold og geologisk mangfold. Genetisk mangfold, artsmangfold og naturtypemangfold saman kallast også for biologisk mangfold. Kjelde: Illustrasjon: Nyhetsgrafikk

## 1.2 Bakgrunn for planarbeidet

Det systematiske arbeidet med kommunedelplanar for naturmangfold kom i gang som en oppfølging av Meld. St. 14 (2015-16) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold. Meldingen tok blant annet opp at:

*"Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfold, der kommunen identifiserer og tar hensyn til naturverdier av både nasjonal, regional og lokal betydning, vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med kommuneplanens arealdel."*

I 2020 søkte Lesja kommune miljødirektoratet om å vere med i prosjektet, Lesja kommune vart ein av dei utvalde kommunane til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfold.

Kommunedelplan for naturmangfold skal være eit retningsgivande styringsverktøy for kommunen i arbeidet med å ivareta naturmangfaldet. Planen skal vidare gi ei oversikt over verdifulle naturområde og artar i kommunen, og synleggjere naturmangfaldet som ein ressurs for kommunen og styrke insentivet for å ta vare på naturverdiar som finnast her. Planen er meint å styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjersler i kommunen og skape forutsigbarheit for forvaltninga, eigarar og utbyggjarar.

### Forankring til kommuneplanen

Naturmangfaldsplanen skal gi føringar for omsynet til naturmangfold skal ivaretakast i kommuneplanens arealdel. Føresegn knytt til naturmangfold er tatt inn i kommuneplanen.

Følgande føresegn er relevant for ivaretaking av naturmangfold og førande i arealplanlegging i kommunen:

- a) Handtering av overvatn, ivareta naturlege flaumvegar.
- b) Krav til utforming av eksisterande og framtidige utbyggingsområdet.
  - Omsyn til terreng og vegetasjon
  - Utnyttingsgrad og miljø
  - Grøntareal innanfor utbyggingsområde
- c) Naturmiljø og grunnforhald
  - Forbod mot tiltak i og rundt vatn og vassdrag.
  - Retningslinjer knytt til kommunedelplan for naturmangfold: Naturmangfold skal leggjast til grunn i all kommunal saksbehandling der det er relevant.
- d) LNF – områder
- e) Omsynssoner
  - Utvalt kulturlandskap og lokalviktig naturområde

## 2 Planen og planprosessen

### 2.1 Formålet

Hovudmålet med planen er å få ei samla oversikt av verdifulle naturområde og artar i kommunen. Fokus området for planen vil bli areal som er utsett for utbygging og menneskeleg aktivitet, hovuddalsøkket gjennom Lesja. Det er heilt avgjerande for kommunen å ha oversikt over naturtype, artar og deira leveområde lokalt for å sikre at nye utbyggingar ikkje øydelegg viktige naturverdiar. Naturen i verda er under sterkt press og nedbygging av areal er den største trusselen for naturmangfald, bit for bit utbygging utgjør ein stor trussel over ein lang periode.

#### Lesja kommune hadde i oppstart av planen følgjande formål

- Utarbeide ei heilskapleg oversikt av verdifulle naturområde og artar i kommunen, og kartlegge areal som ikkje har vert registrert før.
- Betre avgjerdsgrunnlaget når ein skal avvege ulike interesse i politiske og administrative avgjersla, og dermed skape meir forutsigbarheit for næringsliv, utbyggingsinteresser og innbyggjarar.
- Synleggjere korleis og kvifor naturmangfald skal vurderast og vektleggjast når avgjersle skal fattast, og bidra til aksept for avgjersla. Samt bidra til å løfte naturforvaltninga i Lesja kommune, og gjere det lettare å prioritere ivaretaking av naturverdiar.
- Lage eit digitalt kartlag (temakart) som er levande (oppdaterast i takt med ny kunnskap): Skape eit nyttig kvardagsverktøy for kommuneadministrasjonen, samtidig som det er lett å bruke og tilgjengeleg for innbyggjarane, utbyggjarar og andre interesserte.
  - Dette har vist seg å vere for tidkrevjande og komplisert å fullføre digitalising av lokalkunnskap før ferdigstilling av planen, det leggjast inn som oppfølging.

### 2.2 Prosess

Planprogrammet til kommunedelplan for naturmangfald vart lagt til offentleg høyring og oppstart av arbeidet vart varsla den 15.februar 2020, og vedtatt den 10 juni 2020.

I frå 2021 og fram til planforslag har det vert utført:

- Kartlegging av områder som er under press for endring, slik som nydyrking.
- Medverkingsmøte med organisasjonar som representere lokalbefolkning og naturinteresser som: grendelag, bondelag, skoglag og fjellstyre.
- Arbeidsmøte med lokale person med stor kjennskap til dei lokaleforhold.
- Arbeidsmøte med organisasjonar med naturinteresser, som bondelag, skoglag og fjellstyre.
- Identifisering av lokalt viktige områder for naturmangfald.
- Arbeid med digitalisering av lokal arealkunnskap, dette har blitt avgrensa ved at det er svært tidkrevjande, og lagt til oppfølging i strategi.

Dessverre har ikkje naturmangfaldsplanen vert prioritert av administrasjonen pga avgrensa kapasitet, og det vidarearbeid med planen har blitt utsett. Ein prioritere no planen, og fokusere på den til ferdigstilling, dette vil vere eit viktig grunnlag før revidering av kommuneplanens arealdel.

### 2.3 Rammer for planen

- Kommunedelplanen skal utarbeidast som ein overordna temaplan med mål, strategiar og handlingsplan etter plan- og bygningsloven prosesskrav til ein kommunedelplan.
- Hovudfokus på områder utanfor verneområde.
- Det bør avdekkast om eventuelle hull i kunnskapsgrunnlaget.
- Overordna føringar og strategiar for ivaretaking av naturmangfaldet i kommunedelplanen skal være grunnlaget for ivaretaking av naturmangfaldet gjennom kommuneplanens arealdel.



## 2.3 Organisering

I arbeidet med kommunedelplanen har målet vært å sikre god medverknad både internt i administrasjonen, frå kommunens innbyggjarar og frå eksterne samarbeidspartnarar, for innhenting av lokalkunnskap om naturmangfaldet og i forhold til å sette mål og strategiar.

Kommuneadministrasjon prosjektgruppe ved forvaltning og landbruk har hatt ansvar i forhold til prosess og gjennomføring av planarbeidet.

Den administrative gruppa har bestått av personar frå avdelinga forvaltning og landbruk samt rådgjeving frå Lesja fjellstyre:

- Sigurd Vie Alme, plan- og miljørådgjevar, prosjekt leiar for planarbeidet.
- Marit Svanborg, leiar forvaltning.
- Harald Aulie, landbruksrådgjevar.
- Ingrid N. Tragethon, landbruksrådgjevar.
- Kim Berget, skogbruksrådgjevar.
- Elise Lyftingsmo, dagleg leiar Lesja fjellstyre.

## 2.4 Medverknad

Kommunen opna for brei lokal deltaking ved å invitere grunneigarorganisasjonar og andre lag/foreiningar frå lokalsamfunnet inn til deltakingsmøter for å drøfte naturområde, strategi og tiltak. Det har vert vanskeleg til å få konkret tilbakemelding til naturmangfaldsplanen, ein håpar at konkretisering ved planforslaget legger til rette for at ein får meir tilbakemeldingar.

- Ein vil halde offentleg folkemøte i høyringsperioden til planforslaget.

### Miljødirektoratet

Lesja kommune deltar i prosjekt og stønad frå Miljødirektoratet, og dei har vert ein naturleg og viktig bidragsytar i prosessen. Miljødirektoratet har bidratt med fagleg råd og rettleiing undervegs i prosjektet, arrangert samlingar for deltakar kommunane i prosjektet.

## 3 Naturforvaltning

### 3.1 Overordna føringar for naturforvaltning

*Naturen skal forvaltes slik at planter og dyr som finnes naturlig i Norge skal sikres i levedyktige bestander. Vi skal også ta vare på den variasjonen som finnes i naturtyper, landskap og geologi (naturmangfold).*

Norge har underskrevet fleire internasjonale avtalar som inneberer forpliktingar til å sikre bevaring av artar og deira leveområde og berekraftig bruk av det biologiske mangfaldet. Avtalane har ulik karakter og den som dekker breiast er Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD vedtatt 1992). Det er ein global avtale med mål om å ta vare på det biologiske mangfaldet og bruke biologiske ressursar på en berekraftig og rettferdig måte.

Norge har forplikta seg gjennom CBD-avtalen å stoppe tapet av biologisk mangfald innan 2020 og arbeide for at økosystema skal være robuste, så dei kan fortsette å levere økosystemtenester som kjem menneskeheita til gode.

## 4 Naturverdiar i Lesja kommune

Liste av alle kartlagde naturverdiar ligger vedlagt.

## 5 Naturmangfald

Arealtype i Lesja kommune	Areal (km <sup>2</sup> )	% av totalt areal
Open fastmark	1070,56	47,4
Bart fjell, grus- og blokkmark	684,2	30,3
Skog	307,82	13,6
Ferskvatn	93	4,1
Jordbruksareal	44,46	2,0
Varig snø, is og bre	28,85	1,3
Open myr	18,51	0,8
Transport, telekom, teknisk infrastruktur	5,73	0,3
Bebyggd	5,47	0,2
Grønt område, indrett og sport	0,9	0,0
Totalt	2259,5	100

\* Tal frå SSB; tabell 09594, 07.09.23.




Figur 2: Visar utsnitt av Lesja kommune med framvisning av arealtpar i farger.

### 5.1 Landskap

Dalsøkk vest aust akse – mellomboreal sone til høgalpint. Klimatisk skoggrense i Lesja kommune ligger rundt 1000 moh. Skogen i Lesja kommune er i hovudsak Furuskog. Furuskog førekjem på næringsfattig og tørr mark eller der næringa er vasket ut frå dei øvre lag av jordsmonnet. På tilstrekkeleg djup jord er profilet et typisk podsolprofil. Det kritiserast ofte av ein nøysam vegetasjon i felt- og botnsjiktet der furu er det venlegaste treslaget. Furuskog kan finnast i praktisk talt einsarta dominans eller det kan ha innslag av lauvtre og gran desse er gjerne då av dårleg vekst. Avhengig av fuktigheits forhold kan furuskog deles inn i ulike typar med kvar sitt karakteristiske felt- eller botnsjikt. Den tørraste og mest kontinentale

typen er lavfuruslogen, der botnsjiktet er dominert av lavartar som lys reinlav, grå reinlav, kvitkrull, saltlav og islandslav




Figur 3: Skjematisk presentasjon av vegetasjonsmessige hovudkriterier for å skilje vegetasjonssoner i Noreg: Nord-sør gradient kombinert med høgdegradient (frå Nasjonalatlas for Norge, Moen 1998).

## 5.2 Artsmangfold

Det er registrert omtrent 44000 arter i norsk natur, men man antar at det reelle talet er nærmare 72000. Insekt utgjør den største artistgruppa med 44 % av alle arter, mens planter, mosar sopp og lav utgjør 30 %. Pattedyr, fugl og fisk utgjør kunn 2 %.

Figur 4: Visar prosentvis fordeling av artsgrupper symbolisert ved fordeling på stortinget. Basert på Artsdatabankens utgreiing 1/2011. Kjelde: Anne Sverdrup-Thygeson

Figuren over viser korleis fordelinga av artsmangfaldet ville vært om det hadde sete på Stortinget, eller om det hadde sete i det lokale kommunestyret i Lesja. Figuren er basert på kor mange arter som er kjent i kvar artsgruppe og, som vi ser er ville insekt den største artsgruppen, og ville hatt dei fleste stemmene. Gruppen «annet» inneheldr mye forskjellig, blant annet amfibir, krypdyr, edderkoppdyr, krepsdyr, bløtdyr, leddormar, rundormar og eincella organismar.



Figur 4: Illustrasjon over Noregs Artsmangfald

Leveområda til artane vert endra ved arealendring og gjenværande leveområde blir oppdelt i små, isolerte fragmenter. I tillegg slepper vi ut betydelege mengder kjemikaliar, og klimaendringane gjer sitt til at talet arter og individ i de ulike artsgruppene går ned. Fleire studiar frå fleire land viser at talet insekts individ er nært halvert, og ein større studie i Tyskland viser at insekt (biomassen av insekt –altså veksten) har gått tilbake med 75 % på snaue 30 år. Insekta er sentrale i de fleste prosesser i naturen, og med en nedgang i insekt påverkar dette også andre arter. Det gjelder både plantar som avhenger av pollinerande insekt og fuglar som eter insekt. Ein studie frå 25 europeiske land viser at det er blitt 420 millionar færre fuglar i Europa på snautt 30 år.

Framleis er det stor usikkerheit rundt tilstanden til alle artane vi har her i Norge. Den siste offisielle gjennomgangen av tilstanden for arter i Norge, Norsk rødliste for arter, frå 2021, viser at vi har 2752 trua artar i Norge.

### 5.3 Kulturlandskap og naturmangfald i jordbruket

Menneskets bruk av naturen ved landbruksdrift gjennom mange tusen år har gjeve ulike kulturlandskap. Mange artar er tilpassa dette landskapet og disse naturtypene. Jordbruket er svært endra i forhold til for 50-100 år sidan, så mange typar kulturlandskap og naturtypar knytt til desse er i ferd med å forsvinne. Gjengroing er en stor trussel mot naturmangfaldet i kulturlandskapet.

Miljøprogram i jordbruket ble innført i 2004 for å styrke miljøarbeidet i jordbruket, og for å synleggjere jordbrukets miljøinnsats. I nasjonalt miljøprogram 2023 som er godkjent av Landbruks- og matdepartementet, er følgande mål for kulturlandskap og biologisk mangfald definert:

- Ta vare på og utvikle jordbrukets kulturlandskap.
- Ta vare på variasjonen i jordbrukets verdifulle kulturlandskap.
- Ta vare på og skjøtte biologisk verdifulle areal i jordbruket.
- Betre status for trua artar i jordbruket.
- Auke bruk og vern av jordbrukets genetiske ressursar.

Landbruket har ei viktig rolle knytt til å ta vare på naturkvalitetane i Lesja ved å holde kulturlandskapet i hevd. Utan landbruksdrift vil landskapet gro igjen og dette får store konsekvensar for ville pollinatorar, fuglar og planteliv, som er avhengige av beite, slått og opent landskap.

#### *Setervollane i Lesja*

Det er stor variasjon gjennom Lesja kommune i bruk av setrene, bruken er som regel knytt saman med kvaliteten på tilkomstvegen. Dei fleste bruker setrene som samlingspunkt for beiting, sank og slipp. For setre med god tilkomst som i Lordalen og Dalsida brukast kveene meir intensivt, og dyrkamarkene her har truleg blitt pløgd tidlegare.

I Lesja er det mange setre. Setrene kan grovt deles inn i 5 kategoriar basert på kvar dei ligger.

- Setre på Dalsida
- Setre i Lordalen
- Setre på privat grunn øst i Lesja
- Setre på fjellet (heimrast) vest i Lesja
- Setre nede i dalbotnen vest i Lesja




Bilde frå Kvita. Henta frå GD.

### Vurdering av de biologiske verdiane på setrene i Lesja kommune

Det er gjort fleire kartlegging som har dokumentert naturbeitemark og hagemark, men hovuddelen av seterområda er ikkje kartlagt. Truleg er det fleire førekomstar av kulturmarkstyper med rikt naturmangfald knytt til intensiv landbruksdrift på kveene og i områda rundt setrene. Beiting er generelt viktig for å oppretthalde dei biologiske verdiane i utmarka, det er derfor viktig å ha tilstrekkeleg med dyr på utmarksbeite for å redusere attgroing.

### Lesjaleira

Lesjaleira er den gamle innsjøbotnen frå dei tidlegare Lesjavatna som vart tappa ut rundt 1860. Lesjavatna var grunne og kjent for godt fiske. Det var sannsynleg også eit rikt liv av fuglar og andre artar som levde i og ved vatna og våtmarka. Etter uttappinga av Lesjavatna var området i mange år prega av lite vegetasjon, mykje vind og flygesand. Nesten 100 år etter nedtappinga hadde området begynt å få meir vegetasjon og området vart gradvis meir eigna for jordbruk. Rundt 1980 vart den vestlege delen av Lesjaleira forbygd slik at også dette området vart eigna for oppdyrking. Etter det har mesteparten av Lesjaleira gått over til å bli eit jordbrukslandskap.



Figur 5 Oversiktsbilette av Lesjaleiras utvikling frå 1850-talet

Men sjølv om Lesjaleira i dag er eit jordbrukslandskap med ein stor del fulldyrka mark finnast det også betydelege naturverdiar i dette området. For å dempe vinden og få redusert sandflukt vart det etablert lebelter med jamne avstand over heile Lesjaleira. Dette har seinare blitt eit særtrekk ved Lesjaleira. Lebeltene bidreg til å bryte opp jordbrukslandskapet slik at ville artar har ferdselsveggar.

I den vestlegaste delen av Lesjaleira er det fleire kanalar og vassdrag, gamle elveløp, som har blitt avskjert etter at Lesjaleira vart forbygd. Fleire av desse vassdraga er i dag biologisk verdifulle areal med rikt dyre og planteliv.

I perioden frå Lesjavatna vart tappa ned og fram til i dag har det skjedd store endringar av naturen på Lesjaleira. Dette har både skjedd som følge av menneskelege inngrep som forbygging og oppdyrking, men også på grunn av naturlege prosesser som følgje av suksesjon. I forhold til menneskelege inngrep er det meste av eigna areal allereie oppdyrka. Det kan oppstå eit press på dei gjenverande restareala for å få meir dyrka mark. Det er derfor viktig at grunneigarane og kommunen prioriterer å bevare dei restarealane som har naturverdi. Spesielt våtmark og vassdrag innanfor forbygninga og lebelte som har blitt et karakteristisk landskapselement på Lesjaleira.

Naturverdiane på Lesjaleira kan også være trua av prosessar der naturen endrar seg på grunn av økt næringstilførsel og naturleg tilslamming. Fordi Lesjaleira er eit område med mykje landbruksverksemd,

kan det bli stor tilførsel av næringsstoff til våtmarkane og vassdraga på Lesjaleira. Våtmarker og vassdraga vert gradvis gjengrodd når det ikkje er vassføring som skil ut næringsstoff og finsediment, dette er over tid negativt for fisk og for fuglelivet. Det kan derfor vere behov for naturrestaureringstiltak på Lesjaleira i framtida for å hindre at vassdrag på Lesjaleira gror att.

Lesjaleira er eit område med store naturverdiar som har oppstått i samspel mellom natur og menneskelege inngrep. Det varierte landskapet på Lesjaleira sikrar leveområde for mange artar. Det er viktig å bevare Lesjaleira som eit område for natur og landbruksdrift som saman sørgar for eit verdifullt landskap.

### *Utmarksbeite*

Lesja kommune har svært store utmarksressursar. 77% av Lesja kommune er verna som nasjonalpark, landskapsvernområde etc. Desse områda samt randsonene brukast til utmarksbeiting. I Lesjas utmark beita det i 2022; 15 131 sau og lam ([NIBIOs beitestatistikk](#)) og rundt 2000 storfe (Tall frå OBB 2022). Desse gjer ei særskild viktig oppgåve for naturmangfaldet og arbeidet med å oppretthalde kulturlandskapet i bygda vår. Derfor ser Lesja kommune det som eit viktig tiltak for naturmangfaldet å legge til rette for beitenæringa i kommunen.

### *Tilskotsordningar for å framme naturmangfald i jordbruket*

Regionale miljøprogram (RMP) skal stimulere til økt miljøinnsats i jordbruket ut over det som er mogleg gjennom nasjonale ordningar. Kwart fylke har eit eget miljøprogram som dekker en rekke miljøtema, bl.a. kulturlandskap og biologisk mangfald. Tiltak for å ivareta biologisk mangfald kan vere å oppretthalde verdifulle slåtte- og beitemarker ved å drifte dem tradisjonelt. I Regionalt miljøprogram for Innlandet 2019 –2025 er det moglegheiter for landbruksforetak til å søke midlar til enkelte element i denne planen.

Ordninga ”spesielle miljøtiltak i jordbruket” (SMIL) har som formål å ivareta de spesielle natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap. SMIL-ordninga forvaltast av kommunane, og fungerer som en eingongsstønad til investeringar og vedlikehald.

### *Jordsmonnet i Lesja og dets eigenskapar*

I Lesja og Dovre er det mykje jord med lavt innhald av organisk materiale. I undersøking gjort før oppdyrkinga av Lesjaleira på 70- og 80-tallet, hadde mange jordprofilar berre eit sjikt på 3–5 cm. med høgare organisk materiale. Observasjonane gjort under jordsmonnkartlegginga i 2016 viste det same. Det meste av jordsmonnet i Lesja framstår som ungt jordsmonn med lite utvikling av jordstruktur og ofte lite organisk materiale. Jordsmonnet i dalsidene er eldst, ofte bresjøavsetningar, jorda på Lesjaleira er yngre innsjøavsetningar.

Den vanlegaste jordsmonngruppa i Lesja er Regosol. Regosol er ungt jordsmonn med lite jordsmonnutvikling. I Lesja har Regosolene som oftast høgt innhald av silt og lavt innhald av organisk materiale. Slik jord er svært utsett for erosjon, både frå vind og vatn. Organisk materiale er viktig for at denne jorda skal bli mindre erosjonsutsett.

Det er svært viktig at ein beskyttar matjordene vi har for ei berekraftig framtid.

## 5.4 Elver, bekker og våtmark

### *Kantsoner mot bekker og elver*

Elver og bekker, er med sine yrande grøne kantsoner livnære det biologiske mangfaldet. Insekt, fugl og fisk er avhengig av kantvegetasjonen for å finne både mat, skygge og skjul. Både livskraftige tre og busker, men også rotvelter og nedfelte greiner, gir skjul og levestader for fleire artar. Blada frå tærne blir brott ned til mat for botndyr, som vidare er mat for fisk. Trea reduserer oppvarming og oksygenfattig vatn om sommaren, og reduserer lysmengda og tilhøyrande algevekst.

Busker og tre med sitt mangfald av røter er også med på å binde jorda og hindre erosjon når det er mye nedbør og høy vassføring. Dei grøne elvekantane fangar også opp næringsstoffa og er viktig med omsyn for å ivareta vasskvaliteten.

Kantvegetasjon er sikra gjennom *vannressurslova § 11* som seie at det langs breidda av vassdrag med heilårs vassføring skal oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr. Kommunen har myndigheit etter § 11 andre ledd til å fastsette kantvegetasjonsbreidda, mendant det er fylkesmannen som eventuell gir fritak frå vegetasjonsbeltet.

## 5.5 Skog

Skogen i Lesja består av 75% furu, 3% gran og 20% bjørk og 2% andre lauvtre.

Det er ca. 290 000 da med skogareal, der av er ca. 170 000 da er produktivt areal (drivverdig areal). Skogen har ein årleg tilvekst på i overkant av 36 000 m<sup>3</sup>. I dei siste åra er ca. ein tredel til halvparten av dette avverka pr år.

Det meste av skogen er i privat eie med ei fordeling på 85 % privat skog og 15% allmenningsskog.

Skogen dominerast av furu på grunn av tørr og næringsfattig morene og er ein typisk fjellskog med kort vekstseson og lav tilvekst. Gran har ikkje naturleg utbreiing i Lesja, men er tilplanta i fuktige og meir næringsrikt jordsmonn. Lesja ligger orientert øst-vest og har ein typisk sør -og nordvendt dalside med meir fuktige skogsområdet nordvendt og ein tørrare men noko lengre vekstseson i sørvendte hellingar. I vest grensar skogen mot vest-landet og tregrensa er lågare her med ei verneskog-grense på 600 moh.

Arealavkastninga er relativt låg enn det som er normalt i skogdistrikta. Kvalitetane er noko varierende, på grunn av stor ytre mekanisk og klimatisk påverknad av vind og temperatur. Skogen har derfor lav skurandel (ca 35-50%). Derimot er det stor andel kjerne-ved (malmved- dødt tre-fiber) som er ettertrakta som kvalitetstømmer til laftetømmer og kledningsbord pga. av varige eigenskapar.

Hogst modenheits alder er normalt 100-130 år avhengig av bonitet. Veksten har derimot dei seinare år blitt vesentleg større på grunn av høgare tetraterm (sommavarmer) og klimaendringar. Ofte ser man ein heving av ein heil bonitets klasse på visse områder.

Skogen i Lesja er vesentleg naturlig forynga, men med meir planting frå etter bestandsskogbruket frå rundt 1980. Skogen var delvis snauhogd under jernverksdrifta på Lesjaverk, og den eldste skogen her er like gammal som da drifta tok slutt i 1812. Cirkumfirsens for denne drifta gjekk austover til Lesja sentrum og vestover til Bjorli.

Det blir utøvd ordinær skogbruksaktivitet opp til 700 moh. som er verneskog-grensa i Lesja (600 moh lengst vest) Skogbruksaktivitet over denne grensa er meldepliktig, og kommunen kan gi føringar på hogst her. Skogen skal i dette partiet beskytte mot vær, vind, flaum og skred/ras frå fjellet. I tillegg skal den òg sikre mikroklimaet for nedanforliggjande skog, dyr og planteliv.

*Tabell. Viser endring av skogressursen frå 2002 til 2020.*

	2002	2020
Produktivt skogareal	163 911	171 416
Total kubikkmasse	1 128 641	1 698 815
Tilvekst	24 767 m <sup>3</sup>	36 085 m <sup>3</sup>
Gj.sn tilvekst pr daa	0,15 m <sup>3</sup> /daa	0,21 m <sup>3</sup> /daa
Balansekvantum	20 425 m <sup>3</sup>	30 000 m <sup>3</sup>
Nøkkelbiotoper av tot.prod.areal	1,3 % (2 130 daa)	3,2 % (5 527 daa)

\*Nøkkelbiotopar unntatt frå hogst: 3 020 daa, og nøkkelbiotopar med skjøtselsforslag: 2 505 daa.

## 5.6 Framande artar

Nokon framande artar utgjer ein alvorleg økologisk risiko fordi dei kan fortrenge stadeigne artar. Stadeigne artar kan til dømes konkurrerast ut, etast, infiserast med nye sjukdommar eller utsettast for

«genetisk forureining». Eit døme på det i Lesja kommune er mink, rømt frå pelsfarmar, som utfører predasjon på alt dyreliv knytt til vassdrag frå aure til fugl.

Framande artar kan også endre ein naturtype, til dømes er spreiring av buska blåleddved ein utbrett trussel i Lesja kommune. Frø frå buskane vert spreidd med fuglar, og breier seg ut, buskane etablerer seg og tar gradvis over den lokale faunaen ved å “kvele” all vegetasjon under 2 meters høgde. Framande artar kan også utgjere ein trussel mot menneskeleg helse eller være ein trussel for viktige næringer.

### 5.7 Informasjon og kunnskapsformidling

Kunnskap om, forståing av og opplevingar i naturen kan fremme viljen til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling. Det er derfor viktig å formidle informasjon om naturverdiar.

#### *Kunnskapsformidling til folk flest*

Ofte er de viktige områdene for biologisk mangfald dei same områdene som er viktige med tanke på rekreasjon og folkehelse. Ved å gi god informasjon om naturverdiar, og ved å la folk få eit forhold til artar og naturtypar, vil bevisstheita om kvalitetane i eit område auke. Områder som er tilrettelagt for ferdsel og som er viktige for folk, blir ofte tatt ekstra godt vare på. Som regel vil det være lite konflikt mellom naturverdiar og rekreasjonsverdiar. Områder som er tilrettelagt med stiar og informasjonstavler er svært populære. Et eksempel er Tusshimbue som [brukast](#) flittig.

#### *Formidling om naturmangfald i barnehagar og skuler*

Barnehagane og skulane har ei viktig rolle i formidling av betydninga av å ta vare på naturmangfaldet. I rammeplanen for barnehagar innan fagområdet natur, miljø og teknologi er naturmangfald tema.

Læreplanverket for skole gjennomgår i disse dagar en prosess kor det utarbeidast både ny overordna del og nye fagplanar. Både ny overordna del og de nye fagplanane vil gjelde frå hausten 2020. Ny overordna del *har respekt for naturen og miljøbevisstheit* som et av sine hovudprinsipp i sitt verdigrunnlag.

*Berekraftig utvikling* er dessutan eit av tre tverrfaglege tema som skulen skal arbeide med. Gjennom arbeidet med dette temaet skal elevane lære om å «*verne livet på jorda og ta vare på behova til menneskjer som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheit til å dekke sine behov*». Det presiserast at gjennom arbeidet med dette temaet skal elevane bli i stand til å ta ansvarlege val, handle etisk og miljøbevisst.

Desse føringane inneberer at naturmangfald lokalt og globalt må setes på dagsorden. I høyringsutkastet til ny læreplan i naturfag er «*Jorda og livet på jorda*» et kjerneelement med tilhøyrande kompetanssmål for de ulike trinna. Følgande eksemplar illustrerer den nære tilknyttingen til naturmangfald her:

- 2. trinn: -elevane skal kunne utforske og beskrive ulike artar i nærmiljøet og samanlikne deira livssyklus.
- 4.trinn: -elevane skal kunne planlegge, utforske og samanlikne ulike artars tilpassing til miljø og levestader, og drøfte korleis menneskeleg aktivitet kan påverke naturområde.
- 7.trinn:-elevane skal kunne diskutere en aktuell miljøutfordring og foreslå berekraftige tiltak som kan være med på å løyse utfordringa, inkludert tiltak som tar i bruk erfaringsbasert kunnskap.
- 10.trinn:-elevane skal kunne planlegge og gjennomføre undersøkingar av menneskelege påverkingar i eit naturområde og bruke relevante faglege begreip for å beskrive og drøfte funn.

#### *Kunnskapsheving i kommunens administrasjon og hos politikare*

For at kommunane skal kunne utøve sin forvaltningsmyndigheit på ein god måte, og ta omsyn til naturmangfald i sin forvaltning og drift, er det behov for å auke kunnskap om naturmangfald internt i kommunens administrasjon, kommunal drift og hos politikarane.

#### *Kunnskapsheving hos entreprenørar*

I planar for utbyggingsområde gjevast det føringar i forhold til omsyn som må tas i arealplanlegginga. Ved sjølve utbyggingane er det erfart at entreprenørar som utfører arbeidet ikkje tar de omsyn som er



nedfelt i planane. Kommunen bør derfor utarbeide et informasjonsskriv til entreprenører om dei miljøomsyn som skal takast i utbyggingsfasen.



*Tussheimbue. Foto: Henta frå visitnorway.no*

# Handlingsplan for Lesja kommune

## Hovudmål

Lesja kommune skal ta vare på naturmangfaldet ved berekraftig bruk, slik at naturen gir grunnlag for menneske sitt verksemd, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida.

Lesja kommune skal oppnå målet gjennom de tre følgjande strategiar. Innanfor kvar strategi er det fastsett tiltak.

## Strategi 1

### Omsyn til naturmangfald i kommunens arealplanlegging og saksbehandling.

Strategien inneberer at Lesja kommune har gode styringsverktøy med oppdatert kunnskap og saksbehandlingsrutinar, slik at naturmangfaldet ivaretakast. Dette skal blant annet gå føre seg ved at vi gjenbruk og fortette allereie utbygde areal, framfor å bygge ut meir natur. Særleg viktig er det å ivareta trua naturtypar og arter, verdifulle vann- og naturområde og samanhengen mellom dem.

Ved utbygging eller fortetting av fritidsbustad-områder krevjast det god planlegging av sti- og løypenett for å forebygge forstyrningar og konfliktrar med naturverdiar og beiteressursar. Det må arbeide for å avgrense og kanalisere ferdsel i sårbare naturområde.

Det må arbeidast for at saksbehandlarar har god kompetanse om og rutinar for å ivareta naturmangfald i saksbehandling iht. gjeldande lovverk.

### Strategi 1 – Omsyn til naturmangfald i kommunens arealplanlegging og saksbehandling

#### KOMMUNEPLANENS SAMMUNSDDEL OG AREALDEL

1. Lesja skal arbeide for å minimere tap av natur ved å gjenbruk og fortetting av allereie utbygde areal, framfor å bygge ut meir natur.
2. Det skal ikkje byggas ned trua naturtypar eller myr i Lesja, og som hovudregel skal man bevare dyrka- og dyrkbar jord.
3. Handtering av overvatn skal gjerast ved naturlege løysingar, og ivareta naturlege flaumvegar.
4. Utvalde naturtypar, ansvarsarter og *rødlista* arter, skal få eigne omsynssoner med føresegn i reguleringsplanar.
5. I leveområdet til villrein skal det ikkje opnast nye utbyggingsområde. For mindre tiltak i villreinens leveområdet er det viktig med dialog mellom forvaltningsmyndigheitene.
6. I alle nye reguleringsplanar setjast føresegn mot framandartar.
7. Det setjast krav til utforming av nye utbyggingsområde med omsyn til terreng, vegetasjon, utnyttingsgrad, miljø og bevaring av grønt areal. Slik som td. at store furutrær (gamal skog) og andre viktige naturelement skal bevarast i områder for utbygging.

#### STYRINGSVERKTØY OG SAKSBEHANDLING

1. Langs alle vatn, vassdrag, myrer og våtmark skal kantsona sin økologiske funksjon oppretthaldast.
2. Ved overvasshandtering skal naturbaserte løysningar brukast, ein skal unngå lukking av vassdrag.

#### TILTAK FOR Å KANALISERE FERDSEL

1. I sårbare områder skal ferdselen i størst mogleg grad kanalisert. Bruk av natur er framleis viktig for å skape forståing og respekt for naturen.
2. Ved etablering/oppmerking/trakking av nye tur/skiløyper og stiar skal det utførast dialog med kommunen for å bidra til at det ikkje oppstår konflikt med naturverdiane.
3. Ved rullering av sti og løypeplan skal naturverdiar omsynstakast.

## Strategi 2

### Omsyn til naturmangfald i drift og skjøtsel

Strategien inneberer at kommunen gjennomfører treffsikre, aktive tiltak for å ivareta naturmangfaldet. Lesja har store naturverdiar knytt til beite og tradisjonelle driftsmåtar i jordbrukslandskapet, dette er sentralt for å ivareta det biologiske mangfaldet. Ein må forvalte landbruksareal berekraftig, slik som å ta vare på matjorda og legge til rette for fleirsjikt skog. Kommunen skal gjere ein innsats i nedkjemping av framande artar.

### Strategi 2 – Omsyn til naturmangfald i drift og skjøtsel

#### TILTAK FOR NATURMANGFOLD I JORD- OG SKOGBRUKET

1. Landbrukskontoret skal i sin rettleiing legge til rette for aktiv skjøtsel for bevaring av biologisk verdifulle områder og artar. (RMP, SMIL)
2. Vidareføre arbeid som hjelper å opprettheld utmarksbeite i Lesja kommune.
3. Ein skal bevare kantvegetasjon ved jordbruksareal, grøne korridorar og leveområde for dyr og insekt.
4. Torvuttak tillatast ikkje.
5. Ein skal bevare matjorda i Lesja kommune med omsyn til kommande generasjonar og ei berekraftig framtid.
6. Det tillatast ikkje flatehogst med samanhengande flater over 8 dekar, ein oppfordrar til lukka hogst.
7. 100 meter frå Lesjaskogsvatnet og 50 meter frå alle vatn og tjern kan det berre utførast plukkhogst med meldeplikt til Lesja kommune.
8. Det skal ikkje utførast maskinell sluttavvirkning (hogst) i yngelperioden til vilt, 1.mai til 15.juli.
9. Det skal ikkje utførast større kantrydding ved vassdrag i yngelperioden til vilt, 1.mai til 15.juli.

#### TILTAK FOR BEKJEMPELSE AV FRAMANDE ARTAR

1. Lesja kommune skal informere om framande artar; kva truslar desse utrettar og korleis dei bør nedkjempast.
2. Det skal ikkje plantast framandartar på Lesja kommune sin eigedom.
3. Lesja kommune skal fjerne framandplantar på eigen grunn i sentrumsområde.
4. I alle nye reguleringsplanar skal det setjast føresegn mot framande artar.

## Strategi 3

### Informasjon og kunnskap for betre ivareta av naturmangfaldet.

Kommunen skal jobbe for at Lesjas befolkning, besøkande, skular og barnehagar vert meir kjend med lokal natur. Særleg dei nært tilgjengelege friluftsområda prioriterast for å fremme verdsetting og forståing av naturverdiane gjennom auka bruk.

Det må også arbeidast for å auke kunnskapen om sambruk av utmarka og beitedyras betydning for landskap og natur, både blant innbyggjarane og besøkande. Strategien inneberer at kommunen har betre og lett tilgjengeleg informasjon om naturmangfald for publikum og saksbehandlarar. I tillegg rettleie og informerer kommunen om naturmangfald-tema til ulike grupper i aktuelle kanalar.

Det må gjennomførast systematiske kartleggingar for å auke kunnskapen om naturmangfaldet.

### Strategi 3: - Informasjon og kunnskap for bedre ivaretagelse av naturmangfold

#### TILTAK FOR Å UTVIKLE OG OPPDATERE KUNNSKAPSGRUNNLAGET

1. Utvikle, kvalitetssikre og oppdatere naturinformasjon i kartlag, og gjere det tilgjengeleg for saksbehandlarar og allmenta ved samanstilling i naturmangfaldskart for Lesja kommune.
  - a. Dette skal innehalde lokalt viktige naturområde og trekkvegar til hjortevilt.
2. Det krevjast kartlegging av natur før detaljregulering av utbygging.
3. Ein skal arbeide vidare for kartlegging av naturmangfold i utsette områder.

#### TILTAK FOR BETRE INFORMASJON, KOMMUNIKASJON OG VEILEDNING

1. Utvikle kommunens informasjonskanalar både digitalt og fysisk.
  - a. Informere om sårbar natur og arter, bandtvang m.m.
2. Synleggjere verdien av utmarksbeite og beitedyrs betydning for å bevare artsmangfold.
3. Informere skogeigarar om moglegheiter til frivillig vern av skog.
4. Ein arbeider aktivt for at skulane skal ha moglegheit til å vere med i lokale prosjekter som er relatert til natur, friluftsliv, landbruk og kultur.

